

Minnegudsteneste

22. juli 2021

Førebuing

Dersom det er mogleg, kan kyrkjerommet vera ope før gudstenesta, med høve til stille stund og bøn.

Preludium og inngangsprosesjon

Dersom det er prosesjon, reiser kyrkjelyden seg når prosesjonen kjem inn i kyrkjerommet.

Inngangssalme

Inngangsord

L: Kjære kyrkjelyd. Nåde vere med dykk og fred frå Gud, vår Far, og Herren Jesus Kristus.

Samlingsbøn

Lokalt utforma samlingsbøn eller ei av dei følgjande.

L/ML: Lat oss be.

L/ML: Gud, du er midt i blant oss.

Du omgjev oss på alle sider.

Hald oss i di hand.

eller

L/ML: Livsens Gud, du kjenner sorga som ikkje tek slutt og såra som ikkje lèt seg heila.

Vi ber vår naud og vår klage fram for deg.

Rettferds Gud, vi minnest alle som miste livet og dei som vart skada, og bed om at du gjer oss årvakne i møte med all vondskap som tek liv blant oss og trugar livet.

Miskunnsame Gud, hos deg er livsens kjelde. Lat oss sjå lys i ditt lys, og lei oss med din kjærleik på vegen til fred med framtid og håp. Amen.

(Utarbeidd av Oslo Domkirke)

Kyrie

A: Kyrie eleison, Gud Fader, miskunna deg.

Kriste eleison, Herre Krist, miskunna deg.

Kyrie eleison, Heilag Ande, miskunna deg.

Tekstlesing

1. Kor. 13 eller annan høveleg tekst

L/ML: Lat oss høyra Herrens ord.

Salme

Tekstlesing

Matteus 5,1-10 eller Johannes 14,27-31 eller annan høveleg tekst

L/ML: Det står skrive i evangeliet etter ...

Preike

Salme

Helsing, musikk eller annan medverknad

Lystenning og musikk

Det bør leggjast til rette for at kyrkjelyden kan tenna lys anten i lysgloben eller på andre høvelege stader i kyrkjerommet.

Bøn

Lokalt utforma bøn eller ei av dei følgjande.

L: Lat oss venda oss til Gud i bøn.

Evige Gud, du ser lysa vi tenner. Du høyrer bønene våre.
Orda vi leitar etter, kjenner du allereie.
Ingenting ved våre liv er framandt for deg.
Ta imot oss i vår sorg og vårt sinne, i vårt mismot og vårt mot.
Vi bed for vår verd. Vi bed for alle som er ramma av terror.
Vi bed for alle som lid. Vi bed for alle flyktningane i verda.
Vi bed for alle som blir forfølgde.
Gud, du som sjølv er lys, tenn håp og tru, gjev framtid og fred.
Gjev at vi ikkje sjølve blir årsak til vondskap og strid.

(Utarbeidd av Oslo Domkirke)

eller

Evige Gud,
du som ser lysa vi tenner og høyrer bønene våre.
Du som går gjennom liv og død med oss.
Når vi vil sjå Deg, bed Du oss sjå det lidande mennesket.
No bed vi om styrke.
No bed vi om tru.
Lei oss når vi møter redsel og angst.
Før oss inn på den vegen som skaper fred i oss og rundt oss.
Lat våre erfaringar med død og øydelegging bli til nytt liv og gode handlingar.
Send Ditt lys og Ditt håp til alle som er offer for vald, terror og krig i vår verd kvar einaste dag.
Også når vi er sårbare og sorgjande, vil vi takka. Takka for alt liv som spirer fram. Takka for alt godt som når oss. Takka for dei som deler av det dei har, og arbeider for menneskerettar, demokrati, og helsehjelp for alle. Takka for det lyset som har fått skina på oss gjennom dei vi elskar, men har mist.
Vi vender hjarta våre til Deg, Gud,
Du som ved Jesus Kristus sjølv vart eit plaga, krossfest og oppreist menneske.
(Utarbeidd av Oslo Domkirke)

Herrens bøn

A: Vår Far i himmelen!
Lat namnet ditt helgast.
Lat riket ditt koma.
La viljen din råda på jorda slik som i himmelen.
Gjев oss i dag vårt daglege brød, og tilgjев oss vår skuld,
slik vi òg tilgjев våre skuldnarar.
Og lat oss ikkje koma i freistung, men frels oss frå det vonde.
For riket er ditt, og makt og æra i all æve.
Amen.

Salme

Velsigning

L: Ta imot velsigninga.

L: Herren velsigne deg og vere deg.
Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig.
Herren lyfte sitt åsyn på deg og gje deg fred. +

Postludium og utgang

Framlegg til salmar, songer og musikk

Alltid freidig
Blott en dag
Den prektigkledde sommerfugl
Din tanke er fri
En himmel full av stjerner
Fagert er landet
Eg faldar mine hender små
Lei milde ljós
Med Jesus vil eg fara
Noen må våke
Å, ver hjå meg
Så grønn en drakt
Til himlene rekker
Til ungdommen
Velt all din veg og vande
Vi bærer mange med oss
Vi rekker våre hender frem
Å leva, det er å elska